

Retningslinjer for kraftutbyggingsfondet – bunde driftsfond – for opphjør av fisk/vilt/friluftsliv i Skjåk kommune

1. Formål/Bakgrunn

1.1. Utbygging av Øyberget og Framruste kraftverk.

Med heimel i tillatelse gjeve i kongeleg resolusjon dagsett 08.06.01, fekk Opplandskraft DA og Tafjord Kraftproduksjon AS løyve til å bygge ut Øvre Otta (Framruste/Øyberget). Skjåk kommune vart i kapittel 8 punkt V tilkjent eit årleg beløp til opphjør av fisk/vilt/friluftsliv. Dette galdt frå og med det året konsesjon vart gjeven (2001). Beløpet er opprinneleg på kr. 20.000,- og skal justerast etter dei tidsinterval lova bestemmer.

1.2. Overføring av Breiddalsvatnet til Raudalsvatnet

Med heimel i tillatelse gjeve i Stortingsproposisjon nr. 49 (2004-2005), godkjend i statsråd 18.03.05, fekk Glommens og Laagens Brukseierforening i samband med behandling løyve til å bygge overføring av Breiddalsvatnet til Raudalsvatnet i Skjåk kommune. Skjåk kommune vart i kapittel 8 punkt V tilkjent eit årleg beløp til opphjør av fisk/vilt/friluftsliv. Dette galdt frå og med det året konsesjon vart gjeven (2005). Beløpet er opprinneleg kr.50.000,- og skal justerast etter dei tidsinterval lova bestemmer.

2. Disponering av fondet

2.1. Bruken av midla, inkludert renter av fondet, skal regulerast gjennom desse reglane fastsett av kommunestyret, med heimel i tillatelse som er gjeve konsesjonæranane.

Fond, som blir utbetalt ein gong i året frå konsesjonæranane, skal førast til inntekt på ein eigen konto i kommunen. Udisponerte midler, inkludert tilskot til reserven, skal overførast bunde driftsfond ved slutten av året.

2.2. Det organ som til kvar tid har det politiske ansvaret for jakt/fiske/friluftsliv i kommunen skal kvart år, i saks form, tilrå bruken av fondet ut frå eige tiltak eller etter vurdering av innspel frå enkeltpersonar, verksemnder eller organisasjonar. Saka går vidare til formannskapet som løyver midla. Alle aktuelle tiltak bør vurderast samla ein gong i året.

I saks form tek så organet opp til vurdering og prioriterer kva slags tiltak som skal ha støtte det året.

3. Bruk av fondet

3.1. Fond kan brukast til opphjør av tiltak som kjem inn under område fiske, vilt og friluftsliv. Midla skal fortrinnsvis brukast til investeringstiltak. Berre i sterkt avgrensa tilfelle kan midla brukast til drift og da i eit kortare tidsrom som er nærare definert gjennom eit eige prosjekt.

3.2. For fond punkt 1.1 skal tiltak som kjem friluftslivet til gode nyttast etter nærare bestemmelsar gjeve av Direktoratet for naturforvaltning.

4. Godkjenning

Desse retningslinjene er godkjent i Skjåk kommunestyre 20.12.05, sak 065/05
Retningslinjene trer i kraft straks.